

Strikke- og handarbeidshelg

Bessheim fjellstue, 27. – 29. mars 2026

Vågå Husflidslag, Vågå Ull, StrikkeTerje og Bessheim Fjellstue og Hytter inviterer til ei triveleg handarbeidshelg. Det blir fem forskjellige kurstilbod. Dette blir ei triveleg og lærerik helg med god mat!

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER



Vel møtt til ei kreativ helg!
Helsing Vågå Husflidslag,
Vågå Ull og Kari og Bjørn på
Bessheim Fjellstue.

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

KURSTILBOD

KARDE- OG SPINNEKURS

med Mari Else Graffer

Kurs i karding og spinning av ull. Du kan ha med rokk og ull sjølv, eller du kan låne rokk og kjøpe ull. Ull kan du kjøpe av Naturgull, som sel både tullar og rå ull. Å lære seg å spinne er temmeleg vanskeleg og mykje øving må til, slik at du kan ikkje rekne med å bli god på ei helg. Men du får ei innføring, slik at du har kunnskap til å fortsetje på eiga hand.

Kurset har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

SKINNKURS – SAU

Med Synnøve Højjord

Her kan du lære å sy i saueskinn og målet er å sy sitjeunderlag med trykk. Du får ei innføring i å sy i skinn og bruke trykkblokker. Skinn og utstyr får du kjøpt på staden, dersom du ikkje vil ha med ditt eige. Deltakarar som har erfaring kan kome med ynskje, og desse kan delta med eigne skinnprosjekt.

Kurset har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

STRIKKEKURS

Med Ragnhild Jacobsen og Trude Reiten

Strikkekurset vil vera arrangert som eit stasjonskurs med forskjellige teknikkar. Dei forskjellige strikketeknikkane er blant anna dobbeltstrikk, tvebandstrikk, icord, fletting eller kva du måtte ynskje å lære. Du sjonglerer slik du vil mellom stasjonane. Du kan lære å lage hoseband. Passar også fint for ferske strikkeentusiastar som vil lære å strikke ullsokkar! Deltakarane kan ta med garn sjølv, eller kjøpe ull av Vågå Ull eller Naturgull på staden.

Kurset har 20 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

HEKLING, HAKKING OG PJONING

Med Elin Hestdal Grev og Bjørg Schultz

På dette kurset lærer du grunnleggjande teknikkar for å kunne hekle, hakke og pjone med ullgarn. Du kan lære å hekle oldemorruter og blomsterteppe, hekle og pjone med forskjellige farger, og du kan lære teknikkar til ulike bruksmåtar. Du vel sjølv kva teknikk du vil konsentrere deg om. Om du kan dei grunnleggjande teknikkane frå før, kan du lære meir avanserte former i ein eller fleire av teknikkane.

I hakking finst eit mylder av mønster som du kan prøve deg på. I pjonning kan du lære å bruke rette og vrang masker til å lage einsfarga mønster, eller du kan prøve deg på to-farga mønster. Du rekk å lage panneband eller pulsvarmarar i løpet av kurset, men du kan også starte på eit litt større arbeid om du ynskjer det. Du får garn på kurset til prøvelappar, eller du kan kjøpe på staden. Reiskap kan du få låne eller kjøpe om du ikkje har sjølv.

Kurset har 8 plassar. Kursavgift kroner 600,- per person.

VOTTEKURS

Med StrikkeTerje

Bli med på vottekurs med StrikkeTerje og lær å strikke vottar med varierte overflatestruktur i tjukt garn. Terje Tjelle, kjent som StrikkeTerje i sosiale medium, har halde ei rekkje foredrag og kurs, og er særleg kjend for arbeidet sitt med selbuvottar. Terje har nyleg gjeve ut vottaboka *Varme og fargerike votter på tjukke pinner*, og på dette kurset vil du få lære fleire av strikketeknikkane og overflateteknikkane som er henta direkte frå boka. Kurset gjev inspirasjon og praktisk kunnskap for deg som vil utforske nye uttrykk og struktur i vottestrikk.

Kurset har 8 plassar og går kun laurdag. Kursavgift kroner 600,- per person. Sidan dette kurset er kortare enn dei andre kursa, er deltakarane velkomne til å vera med gratis på strikkestasjonskurset resten av helga.



Du er også velkommen utan å melde deg på noko kurs, anten heile helga eller på dagbesøk.

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

PÅMELDING

Påmelding til Bessheim både for kurs, måltid og overnatting ved å sende e-post til post@bessheim.no

Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva for måltid du vil vera med på. Betale for kursa gjer du i resepsjonen.

Spørsmål om kursa sender du til asc.sandbu-gard@hotmail.com



www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

Program

FREDAG 27. MARS

Middag på Bessheim klokka 19.00. Menyen denne kvelden er bakt torsk, viltkjøt med ein god viltsaus og hasselbackpoteter og sjokoladetallerken til dessert. Etter middagen blir det presentasjon av programmet for helga, arrangørar og deltakarar i peisstugu. StrikkeTerje presenterer den nye boka si, så det blir stas!



LAURDAG 28. MARS

Frokost 07.30 – 09.30. Kursstart klokka 10.00. Lunsj klokka 12.30. Menyen er viltgryte og mandelpoteter frå garden Sve i Vågå, samt dessert. Kurs 14.30 – 18.00. Festmiddag laurdag kveld klokka 19.00. Denne kvelden lagar vi ein spanande middagsbuffet med lokale smakar og tranchering av lam frå Vågå som har gått på beite i fjellområda rundt oss. Strikkepub etter middagen.

PALMESØNDAG, 29. MARS

Frokost 07.30 – 09.30. Kurs frå 10 - 12.30. Lunsj klokka 12.30. Menyen er ei god kjøtsupe med byggryn frå Skjåk, godt brød og dessert.

Prisar på overnatting og måltid

PRIS FOR ROM INKLUDERT ALLE MÅLTID:

kr. 3440,- per person i dobbeltrom og kr. 4080,- per person i enkeltrom for heile helga. Da er treretters middag fredag og laurdag kveld og frokost og lunsj laurdag og søndag inkludert i prisen. Det er dusj og toalett og oppreidde senger på romma. Kurs og utstyr kjem i tillegg.

PRISAR FOR DEG SOM VIL HA BERRE SOMME MÅLTID:

Middag kr. 570,- per person, lunsj kr. 310,- per person, frokost kr. 230,- per person. Rom/frokost kr. 1050,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 1690,- per person i enkeltrom. Rom/pensjon kr. 1720,- per person per natt i dobbeltrom og kr. 2020,- per person i enkeltrom. I pensjonsprisen er rommet, treretters middag, lunsj og frokost inkludert i prisen.

Bessheim har også hytter og leilegheiter med dusj, toalett og kjøken. Det er mellom 2 og 10 senger i kvar hytte. Prisane og bilete finn du på heimesida vår. Ved hytteleige kjem måltida, utvask og sengeklede i tillegg. Gjesten kan velje å ordne desse tinga sjølv, eller å betale for det. Hyttene og leilegheitene ligg like ved fjellstua, så det er ikkje langt å gå.

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

PÅMELDING

Påmelding til Bessheim både for kurs, måltid og overnatting ved å sende e-post til post@bessheim.no

Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva for måltid du vil vera med på. Betale for kursa gjer du i resepsjonen.

Spørsmål om kursa sender du til ase.sandbu-gard@hotmail.com



www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13

Med atterhald om endringar.